



## Møtebok for Kommunestyret

**Møtedato:** 09.09.2015  
**Møtestad:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 17:00 - 19:25

Møtet vart styrt av ordførar Nils Marton Aadland.

Medlemmene var innkalla i skriv dat. 01.09.15 og møtet var kunngjort i pressa 17.06.15.

Ved opprop var 26 medlemmer til stades, møtande varafolk medrekna.

Av 27 medlemmer var 26 til stades ved handsaming av sak 60 – 73.

Kommunestyret hadde pause frå kl. 19:05-19:10.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Nils Marton Aadland	H	Ordførar
Lars L Barstad	V	Varaordførar
Anne Grete Eide	AP	Medlem
Rolf Hansen	AP	Medlem
Øyvind Oddekalv	AP	Medlem
Tormod Skurtveit	AP	Medlem
Henriette Fennelly	FrP	Medlem
Elna H Bjørndal	H	Medlem
Øystein Berland Blom	H	Medlem
Jorunn Signe Brakstad	H	Medlem
Ragnar Bratland	H	Medlem
Mabel Johansen	H	Medlem
Marit Samnøy Jøssang	KRF	Medlem
Erling Rønnestad	KRF	Medlem
Kåre Skibenes	KRF	Medlem
Leif Johnsen	MDG	Medlem
Morten Sakstad	SAM	Medlem
Åshild Aamli	SAM	Medlem
Astrid Anne Fjeldstad	SP	Medlem
Per Kristian Holmetun	SP	Medlem
Sølvi Norunn Knudsen	SP	Medlem
Magne Rifsgård	SP	Medlem
Øystein Vikebø	AP	Varamedlem
Ture Andersen	Uavh	Varamedlem
Tore Brakstad	FrP	Varamedlem
Nina Olsvoll	V	Varamedlem

<b>Forfall meldt frå følgjande medl.</b>	<b>Parti</b>
Asbjørn Larsen	AP
Atle Håtuft	FrP
Sigmund Larsen	FrP
Silje Ingelin Sæterstøl	V
Ørjan Kristiansen	FrP

---

**Desse møtte frå administrasjonen:** Rådmann Ingvild Hjelmtveit, personal- og organisasjonssjef Kari Anne Iversen, sektorsjef Anny Bastesen, skulefagleg rådgjevar Reidun Johannessen, økonomisjef Per Inge Olsen.

Protokollfører: Randi Hilland

11. september 2015

Nils Marton Aadland  
ordfører

Randi Hilland  
Konsulent

Lars Barstad  
varaordfører

---

## Sakliste

Saknr	Tittel
60/2015	Godkjenning av innkalling og sakliste
61/2015	Godkjenning av møtebok
62/2015	Referatsaker
63/2015	Orientering om status kommunestruktur
64/2015	Evaluering av Utval for levekår, Utval for drift og utvikling og Fellestrådet
65/2015	Justering av satsane i arbeidsvilkår for folkevalde
66/2015	Tilstandsrapport skuleåret 2014-15
67/2015	Godkjenning av revidert tenesteavtale 8 - (svangerskap- og fødselsomsorg) med Helse Bergen
68/2015	Framlegg til endringar i takseringsreglar i samband med eigedomsskatt på verk og bruk
69/2015	Mogeleg samarbeidsmodell for framtidens brann og redningsteneste i bergensregionen
70/2015	Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021 2.gongs høyring.
71/2015	Utbygging Sagstad skule og Grasdahl skule
72/2015	Erstatningskrav
73/2015	Interpellasjon - Nei til auka bruk av midlertidige tilsette

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Randi Helene Hilland	FE - 033	15/2019

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
60/2015	Kommunestyret	PS	09.09.2015

## Godkjenning av innkalling og sakliste

### Saksopplysningar:

#### Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

#### Kommunestyret - 60/2015

#### KS - behandling:

Ordførar opplyste om at sak 72 vil verta handsama som siste sak, deretter vil saklista verta følgd.

Det ligg føre interpellasjon frå representanten Øyvind H. Oddekalv, Meland AP som ordførar vil svare på før handsaming av sak 72.

#### KS - vedtak:

Innkalling og sakliste med endra rekkefølge på saklista vert godkjent.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Randi Helene Hilland	FE - 033	15/2019

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
61/2015	Kommunestyret	PS	09.09.2015

**Godkjenning av møtebok frå møte 17.06.15**

**Vedlegg:**

**Saksopplysningar:**

**Framlegg til vedtak:**

Møtebok frå møte 17.06.15 vert godkjent.

**Kommunestyret - 61/2015**

**KS - behandling:**

**KS - vedtak:**

Møtebok frå møte 17.06.15 vert godkjent.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Randi Helene Hilland	FE - 033	15/2019

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
62/2015	Kommunestyret	PS	09.09.2015

## Referatsaker

### Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
62/2015.1	Underteikna Intensjonsavtale mellom Nordhordland Industriservice AS og MAKS Meland Arbeids- og Kompetansesenter AS

### Saksopplysningar:

#### Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering.

#### Kommunestyret - 62/2015

#### KS - behandling:

Følgjande saker vart tekne opp:

Øyvind Oddekalv: Har ordførar nye opplysningar i saka om Gudmundsholmen.

Ordførar opplyste at kommunen har god dialig med kommunaldepartementet. Saka er ikkje avslutta, må ha fleire rundar. Intensjonen er å finne ei god løysing.

Sølvi Knudsen:

Stauts Nyborgtunnelen.

Ordførar opplyste om at det fokus frå mange hald. Sak til kommunestyret 14. oktober. Ønskjer å invitere representantar frå fleire kommunar og frå Statens Vegvesen.

Høyring i januar/februar.

Personal- og organisasjonssjef Kari Anne Iversen orienterte om beredskapsarbeidet i Meland kommune.

**KS - vedtak:**

Meldinga og orienteringane vert tekne til orientering.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Randi Helene Hilland	FE - 033	15/2019

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
63/2015	Kommunestyret	PS	09.09.2015

## Orientering om status kommunestruktur

### Saksopplysningar:

### Framlegg til vedtak:

#### Kommunestyret - 63/2015

#### **KS - behandling:**

Rådmann Ingvild Hjelmtveit orienterte om innbyggjarundersøking:

450 personar vert oppringt - resultat ligg føre i oktober.

Fellessamling alle ungdomsråda i Nordhordlandskommunane.

Per Kristian Holmetun stilte spørsmål om tidspunkt for undersøkinga og kva resultatet skal brukast til.

Det vart opplyst at det er ein overfladisk undersøking om kor opptatt folk i Nordhordland er av kommunestruktur.

#### **KS - vedtak:**

Orienteringane vert tekne til etterretning.



# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Kari Anne Iversen	FE - 033	15/2033

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
64/2015	Kommunestyret	PS	09.09.2015

## Evaluering av Utval for levekår, Utval for drift og utvikling og Fellesrådet

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Ordførar sendte per 01.04.15 ut eit skriv der han bad om at utvala ULK, UDU og Fellesrådet vurderte korleis dei hadde fungert i inneverande valperiode og om det var trong for å gjere endringar. Utgangspunktet for evalueringa er gjeldande reglement for utvala, og utvala vart også bedne om å sjå på om det er trong for å gjere endringar i reglementa. Alle tre utvala har handsama skrivet frå ordførar og gitt tilbakemelding i form av vedtak. Oppstillinga nedanfor syner dei viktigaste momenta.

<b>Spørsmål frå ordførar:</b> 1) Korleis oppfattar medlemmene arbeidet i utvalet?	<b>Synspunkt ULK:</b> Vektlegg kunnskap, synfaringar, kontaktpunkt mot tenesteområda og møtepunkt for mottakarar av ulike typar tenester.	<b>Synspunkt UDU:</b> Utvalet arbeider bra, kan vurdere fleire synfaringar og temamøte.	<b>Synspunkt Fellesrådet:</b> Reguleringssaker kjem alltid til rådet og sakshandsamar orienterer, men for andre fagområde er det trong for betre rutinar.
2) Meiner utvalet at det er trong for å endre gjeldande reglement? Dersom svaret er ja – kva bør evt. endrast?	Ikkje trong for å endre gjeldande reglement, men opplisting av arbeids- og ansvarsområde for utvalet bør oppdaterast og kvalitetssikrast.	Vurderer å innføre ordning med deputasjonar.	Eit fleirtal i Fellesrådet ønskjer to råd.
3) Korleis ser utvalet på møtefrekvensen – er det trong for færre/fleire møte?	Behov for nokre fleire faste møte. Bättre med fleire møte og kortare saksliste.	Noverande møtefrekvens er OK.	Meiner rådet bør ha same tal møte som kommunestyret og at møta er tilpassa tidsmessig.

<b>Spørsmål frå ordførar:</b> 4) Vil det vere naturleg å vurdere å leggje møta til dagtid?	<b>Synspunkt ULK:</b> Ønskjer å halde fram med møtestart kl. 16.00. Temaet bør også vurderast av nytt utval/ny periode.	<b>Synspunkt UDU:</b> Ettermiddagsmøte passar best.	<b>Synspunkt Fellesrådet:</b> Møtetidspunkt har vore kl. 14.00, dette er OK.
5) Ev. andre innspel frå utvalet?	Ønskjer at utvalet får gi tilråding i saker som fell naturleg inn under arbeids- og ansvarsområdet før desse sakene skal til handsaming i formannskap eller kommunestyre.	Ønskjer meir folkevaldopplæring, spisse opplæring av UDU særskilt.	Det er viktig med god opplæring til medlemmene. Meiner denne bør gjevast saman med opplæringa for kommunestyre-medlemmene.

## Vurdering

Med utgangspunkt i dei evalueringane/vedtaka som er gjort i dei ulike utvala ser det ikkje ut til at det er trong for å gjere endringar i reglementa for hovudutvala. Møteplanen for 2. halvår er lagt opp i samsvar med ønska tidspunkt for dei ulike utvala. Når det gjeld ULK sitt ønske om å gi om tilråding i saker som vedkjem deira arbeidsområde, så har begge hovudutvala etter gjeldande reglement rett til å kome med innstilling til kommunestyret. Dersom saka har økonomiske konsekvensar, skal formannskapet alltid behandle saka, men det er ikkje noko i vegen for at ULK då har gitt ei tilråding frå ein fagleg ståstad.

Ved handsaming av saka i Fellesrådet går det fram av møteboka at fleirtalet av medlemmene ønskjer å gå tilbake til ordninga med to råd. Administrasjonen vil då peike på at to ulike råd krev vesentleg større administrative ressursar, både når det gjeld tidsbruk for faginstansane, som då må gi dei same orienteringane i to råd og når det gjeld tids- og ressursbruk på sekretærsida (innkallingar/møtebøker/protokoll/særutskrifter m.m). Oppgåvene på sekretærfeltet har over mange år auka i takt med folketals- og aktivitetsauken i kommunen, utan at det har vore rom for å auke bemanninga. Det er såleis viktig å ha ein rasjonell struktur for råd og utval. Dei alle fleste av sakene som vert behandla i Fellesrådet er felles for begge dei aktuelle gruppene, leiarvervet går på omgang, og er det fullt ut mogleg for medlemmane å ta opp saker dei meiner gjeld særskilt for deira gruppa. Frå administrasjonen si side vert det difor ikkje tilrådd å gå bort frå ordninga med Fellesråd.

### Punkt i evalueringane som bør følgjast opp særskilt:

- Det må lagast rutinar som sikrar at Fellesrådet får saker som ligg under deira interessefelt til behandling.
- Lista med arbeids- og ansvarsområde for ULK bør oppdaterast kva gjeld nemningar, t.d. kan ev. *Sosiale tenester* nemnast som NAV – for dei saksområda som fell under kommunen.

- God opplæring og tilføring av kunnskap vert påpeikt av alle utvala. Dette bør følgjast opp gjennom folkevaldopplæringa. Dei nye utvala kan også drøfte om det er behov for ein særskilt opplæringsplan for deira utval.

Folkehelse, miljø og økonomi: Ikkje relevant for problemstillinga i saka.

### **Konklusjon**

Med bakgrunn i dei synspunkt som er kome fram, vil rådmannen ikkje tilrå at det vert gjort endringar i reglementa for dei ulike utvala. Administrasjonen vil syte for at nemnde punkt under vurderinga vert følgd opp.

### **Framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret tar evaluering av utvala til orientering. Administrasjonen vert bedt om følgje opp dei punkta som er nemnde under vurderinga.»

### **Kommunestyret - 64/2015**

#### **KS - behandling:**

#### **Framlegg til tilleggspunkt frå MDG, SAM og AP:**

"Fellesrådet blir avvikla og Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne blir etablert."

#### **Framlegg til tilleggspunkt frå Nils Marton Aadland, H:**

"Administrasjonen blir beden om å utarbeide rutinar som sikrar at utvala får relevante saker til handsaming."

#### **Avrøysting:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

**Framlegg til tilleggspunkt frå MDG, SAM og AP vart samrøystes vedteke.**

**Framlegg til tilleggspunkt frå Nils Marton Aadland vart samrøystes vedteke.**

#### **KS – samrøystes vedtak:**

"Kommunestyret tar evaluering av utvala til orientering. Administrasjonen vert bedt om følgje opp dei punkta som er nemnde under vurderinga.

Fellesrådet blir avvikla og Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne blir etablert.

Administrasjonen blir beden om å utarbeide rutinar som sikrar at utvala får relevante saker til handsaming."

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Kari Anne Iversen	FE - 080	15/2337

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
65/2015	Kommunestyret	PS	09.09.2015

## Justering av satsane i arbeidsvilkår for folkevalde

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

I KS sin rettleiar for økonomiske vilkår for folkevalde vert det tilrådd at godtgjersle vert fastsett av det avgåande kommunestyret og vedtatt av det påtroppande. Det vert vidare tilrådd at godtgjersla vert fastsett for heile fire-årsperioden. Meland kommune sine retningslinjer *Arbeidsvilkår for folkevalde* vart vedtatt i kommunestyret 24.06.09, med ein mindre revisjon 25.09.13.

#### Vurdering

Administrasjonen har ved gjennomgang av retningslinjene ikkje funne grunnlag for å gjere framlegg om vesentlege endringar. Punktet Møtegodtgjersle/andre råd og utval er justert i samsvar med gjeldande politisk organisasjonsplan. Under punktet Kategori 2/andre utval, punkt 2c kan presiseringa om politisk varamedlem til AMU gå ut, ettersom AMU etter vedtak i kommunestyret ikkje lenger har politisk deltaking.

Systemet med fastsetjing av godtgjersle av det avgåande kommunestyret og vedtak av det påtroppande kommunestyret har ikkje vore nytta tidlegare.

I framlegget er satsane regulerte med 3 % auke, og så avrunda opp til næraste 50/100 kroner.

Folkehelse: Ikkje relevant i saka

Miljø: Ikkje relevant i saka

Økonomi: I budsjettframlegget for 2016 vil det bli lagt opp til 3% pris- og lønsauke.

#### Konklusjon

Administrasjonen vil rå til at satsane i Arbeidsvilkår for folkevalde vert justerte i samsvar med saksutgreiinga. Saka vil også bli lagt fram for det nye kommunestyret for endeleg vedtak.

**Framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret tilrår overfor påtroppande kommunestyre at satsane i *Arbeidsvilkår for folkevalde* vert justerte med 3%, avrunda oppover til næraste 50/100 kroner, jf. framlegg til justerte retningslinjer. Retningslinjene vert elles korrigererte i høve gjeldande politisk organisering.»

**Kommunestyret - 65/2015****KS - behandling:****Framlegg til endring frå Tormod Skurtveit, AP:**

"Kommunestyret tilrår ovanfor påtroppande kommunestyre at satsane i *Arbeidsvilkår for folkevalde* vert vidareført på dagens gjeldande nivå."

**Framlegg til tillegg frå Ragnar Bratland, H:**

"For deltaking i årsmøte, generalforsamlingar eller som valgt utsending frå Meland kommune, er det ei godgjersle som for kommunestyremøter."

**Avrøysting:**

**Framlegget frå Tormod Skurtveit fekk 17 røyster for, ( 5 AP, 4 SP, 3 krF, 2 SAM, 2 V, 1 MDG), 9 røyster mot, (6 H, 2 FrP, 1 Uavh), og er såleis vedteke.**

**Framlegget frå Ragnar Bratland fekk 23 røyster for, (6H, 5 AP, 4 Sp, 3 KrF, 2 FrP, 2 V, 1 Uavh), 3 røyster mot, (2 SAM, 1 MDG), og er såleis vedteke**

**KS - vedtak:**

"Kommunestyret tilrår ovanfor påtroppande kommunestyre at satsane i *Arbeidsvilkår for folkevalde* vert vidareført på dagens gjeldande nivå.

For deltaking i årsmøte, generalforsamlingar eller som valgt utsending frå Meland kommune, er det ei godgjersle som for kommunestyremøter."

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Reidun Elin Johannessen	FA - A20	15/2013

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
43/2015	Utval for levekår	PS	08.09.2015
66/2015	Kommunestyret	PS	09.09.2015

## Tilstandsrapport skuleåret 2014-15

### Vedlegg:

Handlingsplan skule 2015-19

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Som ein del av oppfølgingsansvaret skal det utarbeidast ein årleg rapport om tilstanden i grunnskoleopplæringa knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av skuleeigar dvs. kommunestyret, fylkestinget og den øvste leiinga ved dei private grunnskolane» (jf. opplæringslova § 13-10).

#### Vurdering

Tilstandsrapporten er gjort på grunnlag av statistiske fakta om skulane sine ressursar og resultatata frå prøver, kartleggingar og undersøkingar. Tilstandsrapporten inneheldt vurdering av desse og forslag til tiltak for forbedring.

#### Konklusjon

Resultat i tilstandsrapporten for skuleåret 2014-15 leggjast fram for drøfting Utval for levekår og Kommunestyret jf. Opplæringslova § 13-10.

#### Framlegg til vedtak:

Tilstandsrapport for skuleåret 2014-15 leggjast fram for drøfting i Utval for levekår og i Kommunestyret jf. Opplæringslova § 13-10.

### Utval for levekår - 43/2015

#### ULK - behandling:

Skrivet "Fråfall i videregående skole (B)" vart delt ut.

### **Framlegg til vedtak i møtet:**

«Kommunestyret tar tilstandsrapporten for skuleåret 2014 – 2015 til orientering.

Det er viktig at handlingsplanen har tydelege mål:

- Nullvisjon om mobbing i skulen
- Vidareføre målsetjingar frå prosjektet Betre læringsmiljø:
  - Klasseleiing
  - Relasjonsbygging
  - Reglar og konsekvensar
  - Læringstrykk
- Betre resultat på nasjonale prøver i lesing – over fylkesnivå etter 2015
- Løfte fleire elevar over meistringsnivå 1 i lesing og rekning
- Utvikle gode prosessar for samarbeid og kompetanseheving
- Utarbeide strategiplan på realfaga i 2015-2016.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

### **ULK – framlegg til vedtak:**

Kommunestyret tar tilstandsrapporten for skuleåret 2014 – 2015 til orientering.

Det er viktig at handlingsplanen har tydelege mål:

- Nullvisjon om mobbing i skulen
- Vidareføre målsetjingar frå prosjektet Betre læringsmiljø:
  - Klasseleiing
  - Relasjonsbygging
  - Reglar og konsekvensar
  - Læringstrykk
- Betre resultat på nasjonale prøver i lesing – over fylkesnivå etter 2015
- Løfte fleire elevar over meistringsnivå 1 i lesing og rekning
- Utvikle gode prosessar for samarbeid og kompetanseheving
- Utarbeide strategiplan på realfaga i 2015-2016.

### **Kommunestyret - 66/2015**

#### **KS - behandling:**

Skulefagleg rådgjevar Reidun Johannessen orienterte.

**KS – samrøystes vedtak:**

"Kommunestyret tar tilstandsrapporten for skuleåret 2014 – 2015 til orientering. Det er viktig at handlingsplanen har tydelege mål:

- Nullvisjon om mobbing i skulen
- Vidareføre målsetjingar frå prosjektet Betre læringsmiljø:
  - Klasseleiing
  - Relasjonsbygging
  - Reglar og konsekvensar
  - Læringstrykk
- Betre resultat på nasjonale prøver i lesing – over fylkesnivå etter 2015
- Løfte fleire elevar over meistringsnivå 1 i lesing og rekning
- Utvikle gode prosessar for samarbeid og kompetanseheving
- Utarbeide strategiplan på realfaga i 2015-2016."



# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Tord Moltumyr	FA - G67, TI - &10	15/1729

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
44/2015	Utval for levekår	PS	08.09.2015
67/2015	Kommunestyret	PS	09.09.2015

## Godkjenning av revidert tenesteavtale 8 - (svangerskap- og fødselsomsorg) med Helse Bergen

### Vedlegg:

Tenesteavtale 8 - Samhandling innan svangerskaps- fødsels- og barselomsorga rutiner tenesteavtale 8

Saksutgreiing SUA - TA 8 med rutiner - 130515

Tenesteavtale 8 til behandling i kommunestyra og styra i føretaket.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

I samband med samhandlingsreforma har kommunen tidlegare inngått overordna samarbeidsavtale med Helse Bergen, samt fleire tenesteavtalar innan spesifikke område. Kommunestyret har tidlegare vedteke at tenesteavtale 8 skal reviderast.

Ei arbeidsgruppe med representantar for Nordhordlandskommunane og Helse Bergen har i 2014/2015 arbeidd med avtalerevisjon. Saka var oppe til handsaming i Samarbeidsutvalet for Nordhordland 18.05.15, der følgjande vedtak vart fatta:

*Samarbeidsutvalget for Nordhordland tilrår at partene slutter seg til den reviderte avtalen om samhandling innen svangerskaps- fødsel- og barselomsorga. Samarbeidsutvalget vedtar vedlagt rutine for svangerskaps- fødsel- og barselomsorga.*

Avtalen kjem no opp til politisk handsaming i alle Nordhordlandskommunane. Det er ikkje kome signal om at nokre av dei andre kommunane ikkje vil godkjenne avtalen.

### Vurdering

Folkehelse: Positiv verknad.

Miljø: Ikkje relevant.

Økonomi: Krev at kommunen har stillingsressurs med jordmor og helsesøster til å følgje opp med svangerskapskontrollar og heimebesøk etter fødsel. Dette er p.t. inne i driftsbudsjettet for 2015, og avtalen forplikter såleis at desse ressursane må vidareførast i framtidig budsjett.

### **Konklusjon**

Administrasjonen, inkludert kommuneoverlege, tilrår at Meland kommune slutter seg til revidert tenesteavtale 8 slik han ligg føre.

### **Framlegg til vedtak:**

"Kommunestyret godkjenner revidert tenesteavtale 8 slik denne ligg føre."

### **Utval for levekår - 44/2015**

#### **ULK - behandling:**

#### **Endringframlegg i møtet.**

«Kommunestyret godkjenner revidert tenesteavtale 8 (svangerskap og fødselsomsorg) med Helse Bergen slik denne ligg føre.»

#### **Dette framlegget vart samrøystes vedteke.**

#### **ULK – framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner revidert tenesteavtale 8 (svangerskap og fødselsomsorg) med Helse Bergen slik denne ligg føre.»

### **Kommunestyret - 67/2015**

#### **KS - behandling:**

#### **KS – samrøystes vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner revidert tenesteavtale 8(svangerskap og fødselsomsorg) med Helse Bergen slik denne ligg føre.»

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Per Inge Olsen	FE - 232	15/1992

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
97/2015	Formannskapet	PS	26.08.2015
68/2015	Kommunestyret	PS	09.09.2015

## Framlegg til endringar i takseringsreglar i samband med eigedomsskatt på verk og bruk

### Vedlegg:

FIN høringsnotat 18.06.2015

Spørreskjema eiendomsskatteinntekter fra verk og bruk

Eigedomsskattelova

KSEposten\_5\_2015

KSE posten7/2015: KS har avgitt høringsuttalelse vedr forslag om å fjerne eiendomsskatt på produksjonsutstyr mv i verk og bruk

Høringsuttalelse fra KS til Finansdepartementet forslag om å fjerne eiendomsskatt på produksjonsutstyr og produksjonsinstallasjoner i verk og bruk

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

I samband med høringsnotat frå Finansdepartementet 18. juni 2015 vedr. forslag om endring i takseringsreglane for eigedomsskatt frå verk og bruk, er Meland kommune invitert til å gje ei høringsfråsegn. Denne saka vert fremja for å gje ei slik fråsegn. KS Eigedomsskatteforum (KSE) har og høve til å gje ei slik fråsegn på vegne av kommunane og har i samband med dette sendt ein førespurnad til samtlege kommunar og bede dei analysere dei inntektsmessige konsekvensane av ei slik omlegging.

Dei føreslåtte endringane vil i hovudsak råka skatteinntekter frå verk og bruk der maskinar og produksjonsutstyr er vorte taksert særskilt. I tillegg vil forslaget og råka skatteinntekter frå infrastruktur knytt til kraftproduksjon og telekommunikasjon, samt vindkraftanlegg (vasskraftverk er særskilt regulert gjennom eigedomsskattelova § 8 B) og prosessanlegg for petrokjemi. Bygg og grunn på slike anlegg vil dog fortsatt vera skattepliktige. Meland kommune gav sitt svar til KSE i slutten av juli, etter å ha gått gjennom dei 25 (ut av 114) største skattytarane, samt dei avtalane som vart omfatta av endringane vedr. infrastruktur som til saman utgjer kring 92% av eigedomsskatteinntektene på verk og bruk, noko som er eit meir enn adekvat grunnlag for ein analyse. Av analysen kjem det fram at dei føreslåtte endringane vil leia til ein reduksjon i inntektene frå verk og bruk på kr 1 623 000,- ut av kr 5 248 000,-. Av kalkulert reduksjon som følgje av framlegget på kr 1 623 000,- utgjer fråfallet av inntekter frå kraftlinjer og anlegg knytta til kraftproduksjon kr 1 087 000,-, medan maskinar og produksjonsutstyr utgjer kr 421 000,- og annan infrastruktur kr 124 000,-. Sjå vedlagte oppsummering av konsekvensar ved endring.

Dei føreslåtte endringane er meint å gje meir føreseielege vilkår for både kommunar og dei som er skattepliktige. Det er skissert to moglege alternativ til dagens eige-domsskattelov:

### **Alternativ 1**

**§ 4 andre ledd fjerde punktum skal lyda:**

***Produksjonsutstyr og -installasjonar skal ikkje reknast med.***

Dagens lovtekst er lik, men gjer eit unntak for ting som er ein del av sjølve føretaket, noko som i dag medfører skjønsmessig vurdering av kor integrerte evt. arbeidsmaskinar mv. er i eit føretak. Dette ser me tydeleg i Meland der nesten samtlege eige-domsskattesaker der produksjonsutstyr er teke med i takstgrunnlaget er vortne påklaga av det aktuelle føretaket. I følgje høyringsnotatet må det i begrepet installasjonar skiljast mellom og gjerast avgrensningar mot utstyr som er naudsynt for at bygget skal vera funksjonelt som td. ventilasjon, belysning osv. Utstyr som bidreg til produksjon, uansett grad av integrasjon, vil vera unnateke eige-domssbeskatning. I korte trekk tyder det at utstyr som tener bygget skal vera med i takstgrunnlaget, medan anna utstyr vert unnateke.

### **Alternativ 2**

Verk og bruk vert fjerna som eigen kategori i eige-domsskatten og vert beskatta som vanleg nærings-eige-dom.

Dette alternativet medfører ei større omskriving av eige-domsskattelova enn alternativ 1. I og med at verk og bruk opphøyrer som eigen kategori er følgjande endringar i eige-domsskattelova føreslegne:

**§ 3 fyrste ledd bokstav c skal lyda:**

***berre på kraftverk i heile kommunen, eller***

**§ 3 fyrste ledd bokstav d skal lyda:**

***berre på nærings-eige-dom i heile kommunen, eller***

**§ 3 fyrste ledd bokstav g skal lyda:**

***faste eige-domar i heile kommunen, unnateke nærings-eige-dom.***

I eige-domsskattelova definerar § 3 objektkategoriar som kan beskattast. Desse endringane tek føre seg dei bokstavane der verk og bruk er nemnde som spesifikke objekt og difor må omskrivast.

**§ 4 andre ledd fyrste til tredje punktum skal lyda:**

***Til faste eige-domar vert rekna bygningar og tomt som høyrer til, huslause grunnstykke som hagar, lykkjer, vassfall, laste -, opplags- eller arbeidstomter, bryggjer og liknande og likeeins nærings-eige-dom. Til nærings-eige-dom vert m.a. rekna fabrikkar, sagbruk, industrielle verk, steinbrot, losse- og lasteplassar og liknande arbeids- og driftsstader samt kontorlokale, butikk, hotell og serveringsstad mv. Produksjonsutstyr og -installasjonar skal ikkje reknast med.***

Alle referansar til verk og bruk er fjerna, samstundes som typane av nærings-eige-dom er oppdatert for å reflektera meir moderne tider (bla. er møller ikkje lenger nemnde).

**§ 4 andre ledd fjerde og femte punktum vert oppheva.**

Sidan produksjonsutstyr ikkje lenger skal takast med i skattegrunnlaget, vert dei ovannemnde setningane overflødige.

**§ 4 tredje ledd fyrste punktum skal lyda:**

***Flytande anlegg i sjø for oppdrett av fisk, skjell, skalldyr og andre marine artar vert jamnstelt med næringsseigedom i andre leden, når anlegget har vore stasjonert i kommunen i over 6 månader i året før skatteåret.***

Endra verk og bruk til næringsseigedom, resten av leden består.

**§ 8 A-2 fyrste ledd nytt andre punktum skal lyda:**

***Verdet av næringsseigedom kan setjast til teknisk verde når det ikkje er mogleg eller formålstenleg å fastsetje verdet på annan måte.***

Dette er eit addendum til ovannemnde paragraf, som opnar opp for endå ein verdsetjingsmetode, i tillegg til forventa salsverdi og substansverdiberekning, i dei tilfeller der det vil vera vanskeleg å koma fram til ein forventa salsverdi og der substansverdiberekning vil gje ein kunstig høg verdi, noko denne metoden har fått kritikk for.

**§ 8 A-2 andre ledd vert oppheva.**

Sidan produksjonsutstyr ikkje lenger skal takast med i vurderinga, vert dette leddet overflødig.

**§ 12 bokstav e vert oppheva.**

Denne bokstaven refererer til verk og bruk "som ikkje er utbygd på byvis". Sidan verk og bruk vil opphøyrast som kategori, vil denne bokstaven vera overflødig.

Alternativ 2 utgjer, som tidlegare nemnt, ei meir omfattande endring av eigedomsskattelova enn alternativ 1. Dette då verk og bruk er føreslege fjerna som begrep i alternativ 2. Verk og bruk skal i staden reknast som næringsseigedom. Ut av 114 inntektsgjevande eigedomar som fell under kategorien «næringsseigedom, verk og bruk» i Meland kommune er 33 klassifisert som verk og bruk. Sidan samtlege verk og bruk må omtakserast frå sin noverande kategori og over til næringsseigedom, der verdien i dag vert berekna utfrå forrentning, er det venta at dette vil medføre ein auka kostnad for Meland kommune (KSE nyttar 5000,- per taksering som utgangspunkt). Det vil i tillegg og oppstå ein inntektseffekt, som i skrivande stund ikkje er avklart i sin heilskap. §8 A-2, fyrste ledd andre punktum opnar dog opp for alternative takstberekningismetodar der det ikkje formålstenleg eller mogleg å nytta salsverdi eller substansverdiberekning.

**Vurdering**

Inntektsreduksjonen knytt til dei føreslåtte endringane utgjer ein ikkje ubetydeleg del av inntektene frå verk og bruk (om lag 30%). Hovudparten av denne reduksjonen skuldast dog fråfall av inntekter frå beskatning på infrastruktur levert av BKK, som Meland kommune er deleigar av til liks med fleire andre kommunar som og skriv ut eigedomsskatt. Reduksjon i eigedomsskatten vil leia til tilsvarende resultatforbetring for BKK, og eigarane kan vurdere å krevja auka utbytte for å kompensera for dette. Rådmannen vil likevel ikkje i denne saka ta omsyn til denne framgangsmåten for å kompensera for tapte inntekter.

Kr 1 623 000 utgjer eit betydeleg inntektstap for Meland kommune. Rådmann finn det vanskeleg å konkludera med framlegg i denne saken, då den vedrøyrer overordna politiske spørsmål om prinsipp og grunnlag for eigedomsskatt. Rådmann meiner likevel det vil vera eit stort tap for kommune-Noreg å mista høvet til å skattleggja kraftlinjer og anlegg knytta til kraftproduksjon, då denne type anlegg ofte utgjer store inngrep i naturen i berørte områder, og at kommunal eigedomsskatt på slike anlegg er ein god måte for lokalsamfunnet å få noko att for desse inngrepa.

Eigedomsskatt på produksjonsutstyr råkar gjerne einskildbedrifter hardt, og det er gjerne slik at verksemdar som investerer i utstyr og er dei som har mange arbeidsplassar. Det kan såleis vera positivt for oppretthalding av kapitalintensive verksemdar at dei slepp eigedomsskatt på produksjonsutstyret. For Meland kommune utgjer dette mindre enn 10 % av den totale

eigedomsskatten på verk og bruk (kr 420 000,- av kr 5.248 000,-). For mellom anna Lindås og Austrheim kommunar der det er store industrianlegg ser vi at effekten av framlegget vert svært stor, og det kan derfor vera grunn til å vera i mot endringane også på produksjonsutstyr når me ser konsekvensen for nabokommunane av framlegget om endringar på dette området.

### **Konklusjon**

Rådmann meiner at det er akseptabelt og forståeleg at dei føreslåtte endringane vil leggja opp til ei meir føreseieleg vurdering av verk og bruk. For Meland kommune vil konsekvensane av å unndra produksjonsmateriell og installasjonar ved industrianlegg frå beskatning vera begrensa. Det hadde dog vore ynskjeleg å hatt høve til å beskatta alle typar kraftproduksjon, samt anlegg og installasjonar knytta til slik produksjon, då kraftproduksjon ofte fører med seg større inngrep i naturen, uavhengig av krafttypen. Slik forslaget står no vil det i framtida kun vera mogleg å skattleggja vasskraftverk samt tomtene m/bygg andre typar kraftverk står på.

Rådmann meiner difor at endringane i noverande drakt ikkje er formålstenlege og vil gjere framlegg om ikkje å støtte framlegget om endring i takseringsreglane for eigedomskatt slik dei er foreslått i høyringsbrev og høyringsnotat av 18. juni 2015.

### **Framlegg til vedtak:**

Meland kommune går i mot framlegg til endring i takseringsreglane for eigedomskatt slik dei er foreslått i høyringsbrev og høyringsnotat av 18. juni 2015.

### **Formannskapet - 97/2015**

#### **FS - behandling:**

Høyringsuttale frå KS vart delt ut i møtet.

#### **Framlegg til tilleggspunkt frå Nils Marton Aadland, H:**

"Dersom regjeringa likevel går vidare med lovsaka, rår Meland kommune sekundært til at det vert oppretta ein breitt samansett lovkomite for vidare utgreiing.

Meland kommune krev at kommunesektoren vert kompensert fullt ut for ei eventuell innskrenking i retten til å skrive ut eigedomsskatt, og at dette vert stadfesta og synleggjort i ei eventuell sak til Stortinget."

#### **Avrøysting:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

**Framlegget frå Nils Marton Aadland vart samrøystes vedteke.**

#### **FS – framlegg til vedtak:**

"Meland kommune går i mot framlegg til endring i takseringsreglane for eigedomskatt slik dei er foreslått i høyringsbrev og høyringsnotat av 18. juni 2015.

Dersom regjeringa likevel går vidare med lovsaka, rår Meland kommune sekundært til at det vert oppretta ein breitt samansett lovkomite for vidare utgreiing.

Meland kommune krev at kommunesektoren vert kompensert fullt ut for ei eventuell innskrenking i retten til å skrive ut eigedomsskatt, og at dette vert stadfesta og synleggjort i ei eventuell sak til Stortinget."

### **Kommunestyret - 68/2015**

#### **KS - behandling:**

#### **KS – samrøystes vedtak:**

"Meland kommune går i mot framlegg til endring i takseringsreglane for eigedomsskatt slik dei er foreslått i høyringsbrev og høyringsnotat av 18. juni 2015.

Dersom regjeringa likevel går vidare med lovsaka, rår Meland kommune sekundært til at det vert oppretta ein breitt samansett lovkomite for vidare utgreiing.

Meland kommune krev at kommunesektoren vert kompensert fullt ut for ei eventuell innskrenking i retten til å skrive ut eigedomsskatt, og at dette vert stadfesta og synleggjort i ei eventuell sak til Stortinget."

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Ingvild Hjelmtveit	FA - M82	15/1591

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
98/2015	Formannskapet	PS	26.08.2015
69/2015	Kommunestyret	PS	09.09.2015

## Mogeleg samarbeidsmodell for framtidens brann og redningsteneste i bergensregionen

### Vedlegg:

Mulighetsstudiet Mulig samarbeidsmodell for fremtidens brann- og redningstjeneste i bergensregionen

Følgeskriv

Rapport - Mulighetsstudiet til Bergensalliansen

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Meland kommune har fått oversendt rapporten Mulighetsstudiet: «Mulig samarbeidsmodell for fremtidens brann- og redningstjeneste i bergensregionen». Rapporten er utarbeidd av Bergensalliansen.

Studiet har vore gjennomført av ei prosjektgruppe med prosjektleiar frå sekretariat for Bergensalliansen og med ekstern bistand til prosessleiing for planlegging, gjennomføring og utarbeiding av rapport for studiet.

Som føringar og mandat for arbeidet har det lagt at brann- og redningstenesta må organiserast slik at det sikrar fleksibilitet, eit fagmiljø med høg kompetanse, effektiv leiing og drift, samt svare på behovet for auka spesialisering og å halde oppe naudsynt kompetanse knytt til beredskap.

Bergensalliansen ynskjer seg ei brann- og redningsteneste som vert sett i stand til å handtere risikobilete i regionen, utfordringane vi står ovanfor i framtida, og ei organisering som gir innbyggjarane best mogeleg teneste, uavhengig av kommunegrensar.

Målet med prosjektet har vore å utarbeide ein rapport som ser på ulike samarbeidsmodellar og å tilrå modell for samarbeid. Rapporten skal nyttast som saksunderlag for fremje sak til politisk handsaming i kommunane som er med i Bergensalliansen.

Gjennom føringar frå styringsgruppa, og referansegruppene for brannsjefar og rådmenn er det klare signal om at det på noverande tidspunkt ikkje er realistisk å få tilslutnad til å starte ein prosess for etablering av eit interkommunalt selskap (IKS) for felles brann og redningsteneste i regionen.



Styrings- og referansegruppene peikar på at eit samarbeid mellom sjølvstendige brann- og redningstenester er den samarbeidsmodellen som det er realistisk å etablere på noverande tidspunkt. Dette betyr ein samarbeidsmodell der nokre kommunar har sjølvstendig brann- og redningsteneste, medan andre kommunar samarbeider om denne tenesta (Sotra Brannven IKS, Lindås og Meland brann og redning, Odda og Ullensvang brann og redning). Det er eit krav at den samarbeidsmodellen ein vel må vere fleksibel og leggje til rette for vidareutvikling av eksisterande, og etablering av nye samarbeid om brann- og redningsteneste i regionen.

Ein samarbeidsmodell som er basert på samarbeid mellom sjølvstendige brann- og redningstenester kan være mindre arbeidskrevjande enn etablering av eit interkommunalt selskap.

Referansegruppene har gjennom arbeidet med mulighetsstudien identifisert ei rekkje område der eit samarbeid kan vere med på å utvikle brann- og redningstenesta på ein måte som gir regionen ei best mogeleg teneste for innbyggjarane. Den tilrådde modellen for samarbeid må kunne koordinere, prioritere og følgje opp etablering og vidareutvikling av dei oppgåvene som vert lagt til samarbeidet.

Prosjektgruppa si tilråding er at det vert etablert eit samarbeid som byggjer på dei samarbeidsområda som er identifisert av referansegruppa for brannsjefar. Desse områda er:

- Etablere ein brannfagleg arena for regionen
- Regional ROS-analyse som grunnlag for samla beredskap
- Etablere samla oversyn over utstyr, kompetanse og kapasitet
- Standardisering av utstyr gjennom felles spesifikasjonar og innkjøpsamarbeid
- Bygge kompetanse gjennom felles opplæring, kurs og øvingar
- Spesialisering av tenester, døme på dette er tungbilredning og sjøredning
- Samarbeid om førebyggjande arbeid
- Samarbeid om beredskap, felles utstyr, kompetanse og kapasitet for handtering og handheving av hendingar som den einskilde brann- og redningsteneste ikkje kan dimensjonereast for å handtere
- Etablering av einskapleg leiingssystem (ELS) for heile regionen
- Samarbeid om ulike systemverktøy t.d krisehandteringsverktøyet (CIM)

Gjennom arbeidet med mulighetsstudien har styringsgruppa presisert sine føringar:

- Mulighetsstudien skal tilrå ein samarbeidsmodell
- Modellen skal:
  - Ta i vare lokal styring av brannordning, beredskapsnivå og økonomi
  - Vere fleksibel med tanke på deltaking frå kommunane
  - Vere fleksibel med tanke på pågåande prosessar (kommunereform, politireform mfl.)
  - Vere realistisk å etablere
  - Bygge opp under Brannstudien DSB «kriterier for utvikling av brann- og redningstenesten»

### **Vurdering**

Vi har ei god og solid brann- og redningsteneste i Lindås og Meland. Samstundes er det alltid ting å vinne på å samarbeide tett med andre brann- og redningstenester. Det bør vere eit mål at eit samarbeid på dei primissar prosjektgruppa her legg opp til skal ha eit effektiviseringspotensiale, td i form at betre prisar ved innkjøp og betre og billigare kurs og opplæringsøkter. Om vi i tillegg kan få til eit betre samarbeid når det skjer større ulukker og kriser, vil det styrkje tryggleiken for innbyggjarane i regionen.

Eit godt samarbeid kjem ikkje av seg sjølv, gode intensjonar er ikkje nok. Samarbeidet må baserast på vilje samt gjensidig respekt og forståing. Det må investerast tid og ressursar for å få dette til å fungere. Rådmann har vore noko i tvil om det er naudsynt å formalisere eit samarbeid med eige styre etter Kommuneleva § 27, og plassering av oppgåver i samarbeidet i ein vertskommune etter Kommuneleva § 28. og har likevel kome til at det truleg er naudsynt å formalisere samarbeidet mellom så mange kommunar, dersom ein skal få effektar av det.

Selskapsmodell og formell organisering er berre ei ytre ramme, men ingen garanti for eit godt samarbeid. Mange gode samarbeidsprosjekt har og stranda på ei usemje om økonomi og kostnadsfordeling. Alle er positiv til samarbeid så lenge dei tener på det. Den dagen kostnadane skal fordelast er stemminga lit annleis. Diverre har vi ein del døme på dette i Nordhordland. Alle kommunar har knappe budsjetttrammer og kvar ny utgiftspost betyr ei utfordring. Men samstundes får vi heler ikkje til noko om vi ikkje tar oss tid og råd til å satse. Målet må vere at gevinsten skal bli større enn innsatsen. Det ligg etter rådmann si vurdering eit godt potensiale for gevinst og effektivisering i dei skisserte oppgåvene som kjem fram i mulighetsstudiet. Utfordringa er å realisere gevinstane.

Det er lov å håpe på at eit meir formalisert samarbeid mellom ulike brann og redningstenester i bergensregionen skal føre til gevinst for alle kommunar som deltek. Gevinst både i form av lågare kostnader, men og i form av ei betre teneste. Meirkostnadene til drift av sekretariat og vertskommuneoppgåver bør kunne dekkjast inn ved å ta ut gevinstar på dei effektiviseringsområda som er peikt på i rapporten.

**Folkehelse:** Ikkje relevant i denne saka

**Miljø:** Meir effektive innkjøp og samarbeid om utstyr kan ha ein miljøgevinst

**Økonomi:** Etablering av eit formalisert samarbeid med sekretariat og vertskommune vil medføre kostnader. Det er ikkje sagt noko om kostnad og modell for kostnadsfordeling.

### **Konklusjon**

Prosjektgruppa rår til at det vert etablert eit prosjekt i regi av Bergensalliansen som får i oppgåve å utarbeide eit grunnlag for etablering av eit samarbeid kring brann- og redningstenesta etter den samarbeidsmodellen som er tilrådd i dette mulighetsstudiet. Dette inneber at naudsynte utgreiingar knytt til oppgåver og økonomi, utarbeiding av samarbeidsavtale og vedtekter for samarbeidet.

### **Framlegg til vedtak:**

Meland kommune stiller seg positive til tettare samarbeid innan brann- og redningstenesta i bergensregionen mellom sjølvstendige brann- og redningstenester.

Meland kommune er positive til at det vert sett i gang eit prosjekt for nærare utgreiingar og avklaringar knytt til samarbeidsavtale mellom kommunane, inkludert oppgåver og økonomi som grunnlag for samarbeidsavtale.

Endeleg samarbeidsavtale skal godkjennast av kommunestyret.

### **Formannskapet - 98/2015**

**FS - behandling:**

**FS – framlegg til vedtak:**

"Meland kommune stiller seg positive til tettare samarbeid innan brann- og redningstenesta i bergensregionen mellom sjølvstendige brann- og redningstenester.

Meland kommune er positive til at det vert sett i gang eit prosjekt for nærare utgreiingar og avklaringar knytt til samarbeidsavtale mellom kommunane, inkludert oppgåver og økonomi som grunnlag for samarbeidsavtale.

Endeleg samarbeidsavtale skal godkjennast av kommunestyret."

**Kommunestyret - 69/2015****KS - behandling:****KS – samrøystes vedtak:**

"Meland kommune stiller seg positive til tettare samarbeid innan brann- og redningstenesta i bergensregionen mellom sjølvstendige brann- og redningstenester.

Meland kommune er positive til at det vert sett i gang eit prosjekt for nærare utgreiingar og avklaringar knytt til samarbeidsavtale mellom kommunane, inkludert oppgåver og økonomi som grunnlag for samarbeidsavtale.

Endeleg samarbeidsavtale skal godkjennast av kommunestyret."

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Marius Flemmen Knudsen	FE - 121	14/3259

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
56/2015	Utval for drift og utvikling	PS	01.09.2015
70/2015	Kommunestyret	PS	09.09.2015

## Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021 2.gongs høyring.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Vassregion Hordaland legg no regional plan for vassregion 2016-2021 med tiltaksprogram og handlingsprogram ut på avgrensa høyring og offentleg ettersyn. Kommunestyret i Meland kom med høyringsuttale 17.12.14 i sak 91/2014, der kommunestyret ba om utsett frist til 2027 for gjennomføring av tiltak i kommunens vassførekomstar. Etter fleire innspel om ein ny høyringsrunde og vedtak i fylkeskommunane Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane, er planen no lagt ut på 2. gongs høyring med høyringsfrist 20. september 2015.

Tema for andre gongs høyring er:

1. Miljømåla for 1803 vassførekomstar i vassdrag, innsjø, kyst og grunnvatn. Nytt i 2. gongs høyring er at alle sterkt modifiserte vassførekomstar har fått konkretiserte miljømål. Mange fleire vassførekomstar enn i høyringsdokumentet i 2014 har fått utsett frist.
2. Reviderte tiltak for å førebygge eller forbetre tilstanden er naudsynt.
3. Nytt oppsummerande underkapittel om verknad av planen for vasskraft.
4. Handlingsprogram (nytt).

Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021 med tiltaksprogram og handlingsprogram kan lesast på: [www.vannportalen.no/hordaland](http://www.vannportalen.no/hordaland)

Føremålet med denne planen er å betre den økologiske tilstanden og få reinare vatn i innsjøar, elver og bekkar, kystvatn og grunnvatn. Den set miljømål for bekkar, elver, innsjøar, grunnvatn og kystvatn. Etter vassforskrifta skal planen verne vassførekomstar mot å få dårlegare miljøtilstand, samt betre og gjenopprette tilstanden i dei førekomstane der vassstanden ikkje er god nok i fylket. Den regionale planen skal reviderast og oppdaterast i 2021 og 2027.

Den regionale planen er basert på tiltaksanalysane i dei fem ulike vassområda, og tiltaksanalysen er eit fagleg innspel til forvaltningsplanen og det regionale tiltaksprogrammet i Vassregion Hordaland etter vassforskrifta.

Tiltaka som er foreslått i tiltaksprogrammet i regional plan skal starte i perioden 2016-2018. Miljømålet for vassførekomsten skal vere nådd innan 2021, med unntak av område som får utsett frist. Analysen legg fram tiltak for å betre miljøet og førebyggjande tiltak for vassførekomst som er i risiko for ikkje nå miljømålet, eller i fare for å få dårlegare miljøstand innan 2021. Planvedtaka blir i 2015, 2021, og 2027 og arbeidet går fram til 2033

### **Vurdering**

I denne høyringsrunden vil dei fleste endringane vere knytt opp mot innspel motteke i førre høyringsrunde. Dette er i all hovudsak endringar i miljømål eller frist sett for gjennomføring av tiltak. Det er også i desse høyringsdokumenta lagt til eit nytt underkapittel om vasskraft og ein handlingsplan for denne planperioden. For Meland kommune sin del er ikkje alt i dei nye høyringsdokumenta like relevant, då det er knytt opp mot vasskraftproduksjon eller regulering av vassførekomst knytt til vasskraft. For Meland kommune sin del er det mindre endringar frå førre høyringsrunde.

I Meland er det ingen endringar av miljømål for vassførekomstane. Eit tiltak i Rylandselvas nedre del er presisert frå problemkartlegging til utbetring av vandringshinder for fisk. Her er NVE ansvarleg mynde. Eit tiltak i Rosslandspollen er tatt ut då dette er gjennomført. Dette var eit utsleppsreducerande tiltak hjå verksemd, med Fylkesmannen i Hordaland som ansvarleg mynde.

Det har blitt lagt til eit handlingsprogram for denne planperioden. Bakgrunnen for dette er at Plan- og bygningslova § 8-1 slår fast at alle regionale planer skal følgje eit vedteke handlingsprogram. Dette handlingsprogrammet skal vedtakast av fylkestinget som ein del av den regionale planen. Oppsummert viser handlingsprogrammet kva oppfølging den regionale planen krev og utpeiker kven som er det ansvarleg organ, og samarbeidspartnarar for gjennomføring av planen. Samstundes vert det peikt på kor ressursbehovet ligg i samband med gjennomføring. For Meland kommune sin del er det ikkje noko i handlingsprogrammet som vil medføre nye tiltak eller aktivitetar.

Handlingsprogrammet er utarbeidd for denne planperioden og vil bli revidert i samband med planrulleringa som skal gjerast i 2021. Administrasjonen vurderer det slik at ein ikkje ser behov for å koma med innspel om endringar i handlingsprogrammet, då dette bygger på tiltaka og tidfristane i vassplanen.

Som nemnt over ba kommunestyret om ein generell utviding av fristane for alle dei tiltaka som kommunen har ansvaret for i førre høyringsrunde. Det har i etterkant vist seg at det ikkje er mogleg å få ein utvida frist på generelt grunnlag for alle tiltaka kommunen skal gjennomføre jf. § 8 i forskrift om rammer for vassforvaltning (vassforskrifta) som seier at miljømåla i §§ 4-6 skal i utgangspunktet nåes innan seks år etter at første forvaltningsplan har tredd i kraft. Det kan gis utsett frist med inntil 12 år etter vassforskrifta § 9. Utsett frist kan gjevast dersom det innan fristen ikkje vil vere mogleg å gjennomføre tiltak på grunnlag av: tekniske årsaker, uforholdsmessig kostnadskrevjande arbeid eller på grunn av naturforhold i vassførekomsten.

For Meland kommune var det viktig å få utvida fristane for gjennomføring av tiltaka for å kunne sikre ein god og kvalitetsmessig gjennomgang av påverkningskjelder. For kommunen sin del handlar det mykje om kartlegging av mogelege kjelder. For å kunne sikre at kommunen har naudsynte midlar og personell er det difor viktig at tiltaka vert innarbeida i kommunen sine planar og budsjett. Dersom kommunen ikkje har tilstrekkelig høve til sikre nok ressursar til arbeidet, kan resultatet av det arbeid som skal gjennomførast, bli dårlegare enn ønskeleg.

Det er mykje usikkerhet knytt til aktuelle kjelder og deira påverknad av dei ulike resipientane, dette legg ytterlegare press på det arbeidet som skal gjerast då det er mange usikre moment som krev kartlegging. Dette arbeidet har ikkje blitt gjennomført i denne målestokken tidlegare, og når ein skal kartleggje noko som har mykje usikkerhet knytt til seg, vil dette fort bli tidkrevjande. For at Meland kommune skal sikre ein god gjennomføring av dei tiltaka kommunen er pålagt etter vassforskrifta ba kommunen difor om utsette fristar.

Administrasjonen meiner det vil vere vanskelig å gjennomføre alt kartleggingsarbeid på ein kvalitetsmessig god måte utan å kunne innarbeide dette i kommunens budsjett og planer. Planen skal rullerast i 2021 og mål og tiltak skal oppdaterast. For å kunne sikre ein god plan for vidare arbeid vil det være vesentlig at tiltaka kan gjennomførast med god kvalitet.

Administrasjonen har vore i dialog med prosjektleiar i vassområde Nordhordland for å finne ei løysning for å få utsett fristar. Då kommunen ikkje kunne få utsett fristar på alle tiltaka, ba administrasjonen om å få utsett frist på dei vassførekomstane som av omfang, plassering, naturlege høve, eller av andre årsaker ville kunne vere vanskeleg å få gjennomført på ein kvalitetsmessig god måte innan fristen.

Administrasjonen foreslo og har fått utsett frist på følgjande vassførekomstar:

- Roslandspollen
- Flatøyosen
- Storavatnet sine sidebekker
- Eikelandsvatnet, inkludert inn- og utløp
- Brakstadvatnet

Administrasjonen brukte som grunngeving at Meland kommune kom med sitt høyringsinnspel til vassplanen, nettopp for at kommunen ser at det vil bli svært vanskelig å sikre en god og kvalitetsmessig gjennomgang av alle lokalitetane i kommunen som det er knytt usikkerhet til, innan dei 6 åra som er sett som grense for planrullering. Vassforskrifta § 9 opnar for at fristane kan forlengast med inntil 12 år for å sikre gradvis måloppnåing. Ei av grunngevinga for dette er: a) utbetring kan av tekniske årsaker ikkje gjennomførast innan fristen jf. § 9.

### **Konklusjon**

Administrasjonen meiner at planen inneheld få endringar for Meland kommune sin del, etter førre høyringsrunde. Kommunestyret sitt høyringsinnspel har delvis blitt teke til følge ved at tiltak i dei fem vassførekomstar som er nemnt over, har fått utsett frist. Bakgrunnen for at utsett frist for alle tiltaka ikkje vart godkjent, er at kommunen etter vassforskrifta ikkje har høve til å få utsett frist på generelt grunnlag. Administrasjonen meiner ellers at høyringsdokumentet gir ei god oversikt over dei utfordringane kommunen skal gripe fatt i framover. Administrasjonen har vurdert at det ikkje er noko grunnlag for å kome med nye innspel då kommunen har fått medhald i utsett frist for einskilde vassførekomstar.

### **Framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret meiner at den regionale planen for vassregion Hordaland gir eit godt innblikk i vasstilstanden i kommunens vassførekomstar og over framtidige utfordringar, jf. saksutgreiinga. Kommunestyret har ingen nye høyringsinnspel då Meland kommune har fått gjennomslag for å få utvida frist for enkelte av kommunens vassførekomstar.»

## **Utval for drift og utvikling - 56/2015**

### **UDU - behandling:**

#### **UDU – framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret meiner at den regionale planen for vassregion Hordaland gir eit godt innblikk i vasstilstanden i kommunens vassførekomstar og over framtidige utfordringar, jf. saksutgreiinga. Kommunestyret har ingen nye høyringsinnspel då Meland kommune har fått gjennomslag for å få utvida frist for enkelte av kommunens vassførekomstar.»

## **Kommunestyret - 70/2015**

### **KS - behandling:**

#### **KS – samrøystes vedtak:**

«Kommunestyret meiner at den regionale planen for vassregion Hordaland gir eit godt innblikk i vasstilstanden i kommunens vassførekomstar og over framtidige utfordringar, jf. saksutgreiinga. Kommunestyret har ingen nye høyringsinnspel då Meland kommune har fått gjennomslag for å få utvida frist for enkelte av kommunens vassførekomstar.»

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Berit M.Eskeland	FE - 610	15/23

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
101/2015	Formannskapet	PS	26.08.2015
107/2015	Formannskapet	PS	02.09.2015
71/2015	Kommunestyret	PS	09.09.2015

## Utbygging Sagstad skule og Grasdal skule Prioritering og tilleggsfinansiering

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Våren 2013 vart det satt i gang eit arbeid med å sjå på framtidig skulestruktur i Meland kommune. I utgangspunktet vart det lyst ut eit anbod for utarbeiding av ny skulestrukturplan. Dette vart tildelt Norconsult, men grunna manglande politisk godkjenning av anbodet, vart det i staden for satt ned ei administrativ gruppe som skulle utarbeide planen, jf. FS-sak 054/13. Arbeidet til den administrative gruppa vart lagt fram i Prosjektrapport - Utgreiing av skulestruktur 2015-2018 i samband med busjetthandsaminga hausten 2014. Prosjektrapporten tok for seg ulike strukturalternativ for skulen i Meland, og skisserte aktuelle utbyggingsalternativ.

I KS-sak 078/2014 den 17.12.2014, vart det vedteke at Sagstad og Grasdal skule skulle byggast på. Det vart lagt inn midlar i økonomiplan investering for utbygging av skulane i 2015-2016. Utrekning av kostnad for utbygging var basert på kor mykje areal som ei utbygging krevde multiplisert med 30 000 kr pr m<sup>2</sup>, som er omtrentleg standardkostnad for denne type utbyggingar. Dette var såleis ein enkel kostnadskalkyle som ikkje tok omsyn til bygga som heilskap, men kun såg isolert på eit foreløpig uttrykt behov for ekstra areal. Utbygging av Grasdal skule vart då kostnadsrekna til 18 mill eks mva og Sagstad vart rekna til 26 mill eks mva. Alle tal i utgreiinga er eks. mva.

#### Forprosjekt

Det vart i januar 2015 satt ned ei gruppe for å jobbe vidare med forprosjekt for utbyggingane, og det vart henta inn arkitekt for å utarbeide teikningar og anbodsgrunnlag. Arbeidsgruppa har bestått av arkitekt, prosjektleiar frå PUK, rektor frå Grasdal og Sagstad, verneombod frå Sagstad og Grasdal og oppsynsmann frå driftsavdelinga.

#### Arealanalyse

Det vart i Prosjektrapport – Utgreiing av skulestruktur 2015-2018 lagt opp til at utbyggingane av Sagstad og Grasdal burde vere siste byggetrinn på begge skulane. Bakgrunnen er at begge skulane har avgrensa uteareal for vidare utbygging. Ettersom kommunen i utgangspunktet ikkje skal gjere større endringar av skulane etter planlagte utbyggingar er gjennomført, var det no ønskeleg å sjå på korleis dei nye tilbygga kan sikre at skulebygga som heilskap vert gode bygg. For å utgreie dette vart det som ein del av forprosjektet gjennomført ei arealanalyse av begge skulane, for å undersøke korleis areala på skulane er nytta i dag, og nærare kva eit tilbygg bør tilføre av type areal.



Arealanalysa viser at både Sagstad og Grasdal ber preg av å vere bygd ut i fleire trinn med tilbygg som isolert sett dekkjer eit arealbehov, men som ikkje nødvendigvis har ført til samla gode bygg. Sagstad har mykje kommunikasjonsareal (vestibyler, ganger, garderober) medan Grasdal har veldig lite av den type areal. På Grasdal er det i dag ei stor utfordring med kommunikasjon gjennom bygget utan å forstyrre undervisning eller å måtte gå ut på skuleplassen. Det er heller ikkje nok garderobeplass for elevar og lærarar.

På bakgrunn av arealanalysa har forprosjekta gått vesentleg meir i detalj på korleis eit tilbygg bør integrerast i eksisterande bygningsmasse. Ein har søkt å løyse plassbehovet samtidig som ein har sett om det er mogeleg å utnytte eksisterande bygningsmasse betre. Dette har ført til at prosjekta har utvikla seg frå reine tilbygg til utvikling av skulane som heilskap for å skape best mogleg lærings- og arbeidsmiljø. Denne utviklinga må gjerast gjennom ombygging av delar av eksisterande skule. Hovudsakleg inneberer dette flytting av veggjar og ulike funksjoner t.d. klasserom.

Eit anna moment, spesielt for Sagstad, er at ventilasjonsanlegget på det eldste byggetrinnet på skulen ikkje gir tilfredsstillande luftkvalitet. Målingar har vist at anlegget leverer for låge mengder luft i henhold til dagens krav. Anlegget bør difor skiftast ut, og det vert anbefalt at dette vert gjort samtidig med utbygginga og ombygginga elles.

### **Større behov for areal**

Forprosjekta har vist at det er behov for større tilbygg enn det som opphavelig var tenkt i prosjektrapporten om skulestruktur. På Sagstad har det vore eit sterkt ønske om å få eit samlingslokale som kan huse mange elevar på ein gang t.d. til skuleavslutningar. I dag har ikkje skulen høve til dette, og må leige lokaler andre stader i kommunen. Sagstad har også eit større behov for auka areal til personale enn først estimert. Det er no kome skjerpa krav frå Arbeidstilsynet grunna ny arbeidstidsavtale, og det vil dermed ikkje vere mogleg å få godkjent ei utbygging av skulane utan å sikre nok areal til personale. I tillegg har tilpasning til eksisterande bygg ført til behov for noko meir areal enn først antatt.

På Grasdal har det vore behov for fleire spesialrom. I dag er både skulekjøkken og sløydsal brukt som ordinære klasserom. Forprosjekta har difor lagt opp til at desse funksjonane vert flytta til tilbygget medan dagens rom vert omgjort til ordinære klasserom. Spezialromma er noko meir arealkrevande enn ordinære klasserom. Det er i likskap med Sagstad også behov for meir areal for personale og tilpasning til eksisterande bygg har også ført til behov for noko meir areal.

Alle løysingane som forprosjekta legg opp til fokuserer på å helde driftskostnadene nede. Det er tatt utgangspunkt i materialer som reduserer behov for vedlikehald. Nytt samlingsareal på Sagstad vil redusere behovet for å leie lokalar og dei kostnadene det medfører. Tilstrekkeleg areal til personale vil gi betre arbeidsforhold.

På Sagstad er det i dag for lite uteareal for elevane. Dette arealet vil bli enda mindre når eit tilbygg kjem på plass. Det bør snarleg settast i gang eit eige prosjekt for å sikre nok uteareal til skulen som omfattar tomtekjøp og opparbeiding av areal. Administrasjonen meiner at dette er ein sjølvstendig prosess, og det vert difor ikkje tatt med som ein del av utbyggingsprosjektet.

### **Kostnadskalkyle forprosjekt**

På bakgrunn av den vesentlege auka i omfanget på skuleutbyggingane har også kostnadskalkyle auka betrakteleg. Det er nytta same m<sup>2</sup> pris som i Prosjektrapporten (30 000 kr), men det har kome fram nye behov som har auka omfanget av utbyggingane.

Ny kostnadskalkyle for Sagstad skule er 59,5 mill. Auka i investeringskostnaden på Sagstad har si hovudårsak i:

- Auka areal (1000 m2 til 1650 m2)
- Behov for ombygging av eksisterande bygningsmasse, ca 700 m2
- Behov for nytt ventilasjonsanlegg i eks. bygg
- Leie av moduler til klasserom ol. i byggeperioden

Tilsaman er desse tilleggga kostnadsrekna til ca 26 mill. I tillegg kjem utgifter til renter, prosjektleiing og ein buffer for uforutsette kostnader

Ny kostnadskalkyle for Grasdal skule er 37,5 mill. Auka i investeringskostnaden på Grasdal har si hovudårsak i:

- Auka areal (750 m2 til 1050 m2)
- Behov for ombygging av eksisterande bygningsmasse, 450 m2
- Leie av moduler til klasserom ol. i byggeperioden

Tilsaman er desse tilleggga kostnadsrekna til ca 15 mill. I tillegg kjem utgifter til renter, prosjektleiing og ein buffer for uforutsette kostnader.

### **Vurdering**

Dei nye kostnadskalkylene for utbygginga av skulane er meir enn dobla samalikna med det som vart kalkulert med i Prosjektrapporten frå 2014. Hovudårsaken til dette er at på det tidspunktet prosjektrapporten vart utarbeidd hadde ein ikkje den kunnskapen om bygga som ein har tileigna seg i samband med forprosjektet. Det er først i forprosjektet ein har hatt tid og ekstern kompetanse til å utgreie dette. Sjølv om kostnadskalkylene er betydelege så meiner administrasjonen at dersom ein skal bygge permanent på Sagstad og Grasdal, så bør det gjerast slik forprosjekta skisserer. Når ein først investerer mange millionar, så er det først og fremst viktig at midlane vert brukt på ein måte som sikrar gode bygg, ikkje berre nok bygningsmasse.

Hovudproblemet er at ein vesentleg auke i investeringskostnaden fører til ein stor auke i avdrag og renter for kommunen. Avdrag og renter belastar driftsbudsjettet, og sjølv om renta i dag er låg, vil avdraga verte store. Summen er vanskeleg å fastsette nøyaktig. I tillegg er det usikkert korleis det nye inntektssystemet til kommunane vil bli. Rådmannen vurderer at Meland kommune per dags dato ikkje bør ta på seg ein så stor investering som forprosjekta legg opp til for både Sagstad og Grasdal skule.

Administrasjonen har vurdert forprosjekta nærare og sett på om det er noko ein bør kutta ned på i utbyggingane for å få ein lågare investeringskostnad. Dette har vist seg å vere utfordrande fordi tilbygga i forprosjekta er utforma på ein slik måte at dei er tilpassa ei ombygging av eksisterande bygningsmasse for å muliggjere tilbygget. Dette gjeld spesielt Grasdal, der eit tilbygg er avhengig av at det vert laga ein korridor gjennom eksisterande bygg, som ikkje eksisterar i dag. Tilbygget på Sagstad er også svært integrert i eksisterande bygningsmasse, og dei innsparingane man kan få ved å kutte i utbygd areal eller mengden areal som vert ombygd er svært liten. Utrekning viser at innsparingar kun vil vere på rundt 10 % av samla investeringskostnad. Det einaste alternativet som kan gi vesentlege innsparingar er å etablere modulbygg.

Det er eit stort behov for meir areal både på Sagstad og Grasdal dei næraste åra. Elevantalprognoser viser ein sterk auke i elevar på begge skulane. Dette er bakgrunnen for at begge skular vart vedtatt utbygd i desember 2014. Sagstad skulekrins omfattar store utbyggingsområder på Frekhaug og Mjåtveit, og i kommuneplanen er det satt av vesentleg meir areal for utbygging i krinsen. Det er ingen grunn til å tru at elevtalet vil gå nedover. I Grasdal skulekrins er utbygginga noko meir usikker. Vidare utbygging av bustader er avhengig av utbetring av fylkesveg 245 og Fosse-krysset. I tillegg vil det vere tale om mindre omfang på dei aktuelle utbyggingsområda. Elevantalprognosen viser at tal

barn født i 2014 i Grasdalen skulekrins er lågare enn på fleire år. Det er vanskeleg å vite om dette er byrjinga på ein nedgang eller om det berre er eit avvik frå den generelle trenden med auke i tal barn. I alle tilfeller er det faktiske utbyggingsbehovet på Grasdalen meir usikkert.

På bakgrunn av den usikre prognosa rår Rådmannen til at ein utsett utbygging på Grasdalen skule. I mellomtida må plassmangelen løysast med modulbygg. Det er spesielt dei 3 næraste åra ein ventar ein store auke i tal elevar. Ein reknar med at det vil bli behov for minimum 1 klasserom ekstra i året dei neste 3 åra, samt behov for meir areal til personale. På Grasdalen i dag er det allereie for lite klasserom og grupperom. For å sikre at eit modulbygg har tilstrekkeleg areal anbefaler administrasjonen at det vert satt av 5 mill til innkjøp av modulbygg. Dersom ein etterkvart vedtar å bygge ut Grasdalen permanent kan modulbygget seljast eller nyttast andre stader i kommunen.

Folkehelse – ikkje relevant

Miljø – ikkje relevant

Økonomi – følgjer av utgreiinga

### **Konklusjon**

I utgangspunktet meiner Rådmannen at det er eit stort behov for utbygging på både Sagstad og Grasdalen skule. Begge skulane treng meir areal for elevar og personale. Samtidig så har forprosjekta vist at det vil innebere vesentleg høgare investeringskostnader enn først berekna for å sikre gode utbyggingar. Hovudproblemet er at ein vesentleg auke i investeringskostnaden fører til ein større auke i avdrag og renter for kommunen. Rådmannen vurderer at Meland kommune per dags dato ikkje bør ta på seg ein så stor investering som forprosjekta legg opp til for både Sagstad og Grasdalen skule. Grunna meir usikre elevtalsprognoser i skulekrinsen til Grasdalen vert det anbefalt at utbygginga her vert utsett. Det bør gjerast ei ny vurdering om vidare utbygging når det nye inntektssystemet for kommunane er avklart og ein får oppdaterte elevtalsprognosar. For å løyse arealbehovet i mellomtida vert det rådd til at ein kjøper inn modulbygg til Grasdalen skule med ei budsjettamme på 5 mill.

### **Framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner at kostnadsramma for utbygging på Sagstad skule vert auka til kr 72,4 mill. Prosjektet vert finansiert med mva. refusjon på kr 12,9 mill og kr 59,5 mill i lånemidlar. Utbygginga på Grasdalen skule vert utsatt i påvente av nye elevtalsprognoser. Det vert løyvd midlar til midlertidige moduler for å dekke arealbehovet til skulen. Modulane har ei kostnadsramme på kr 6,25 mill. Prosjektet vert finansiert med mva. refusjon på kr 1,25 mill og kr 5 mill i lånemidlar.»

### **Formannskapet - 101/2015**

#### **FS - behandling:**

Skriv frå FAU Grasdalen skule og frå Klubben i Utdanningsforbundet v/Anita L. Askeland og Fagforbundet v/Gunn Torill Berge vart delte ut i møtet.

### **Framlegg til vedtak frå Nils Marton Aadland (H):**

"Formannskapet bed rådmannen leggja fram sak i ekstramøte onsdag 2. september der følgjande ligg til grunn.

1. Grasdal og Sagstad skular skal byggjast ut i samsvar med tidlegare vedtatt tidsplan og utarbeidd forprosjekt for dei to skulane.
2. Rådmannen blir beden om å presentere moglege tiltak som kan redusere investeringskostnadane for dei to prosjekta.
3. Rådmannen blir beden om å leggja fram ei samla økonomisk konsekvensutgreiing for dei to skuleutbyggingane, og oversikt over andre investeringsprosjekt som kan utsetjast."

### **Avrøysting:**

**Framlegget frå Nils Marton Aadland vart samrøystes vedteke.**

### **FS - vedtak:**

"Formannskapet bed rådmannen leggja fram sak i ekstramøte onsdag 2. september der følgjande ligg til grunn.

1. Grasdal og Sagstad skular skal byggjast ut i samsvar med tidlegare vedtatt tidsplan og utarbeidd forprosjekt for dei to skulane.
2. Rådmannen blir beden om å presentere moglege tiltak som kan redusere investeringskostnadane for dei to prosjekta.
3. Rådmannen blir beden om å leggja fram ei samla økonomisk konsekvensutgreiing for dei to skuleutbyggingane, og oversikt over andre investeringsprosjekt som kan utsetjast."

### **Formannskapet 02.09.2015:**

### **Nye opplysningar i saka:**

### **Punkt 2 i formannskapet sitt vedtak**

Rådmannen har vurdert om det er mogleg å redusere investeringskostnadene.

### **Sagstad:**

Vurderinga omfattar både å kutte ned på utbyggingsarealet og å kutte vekk ombygging av eksisterande bygg.

Kutt i utbyggingsareal er lite hensiktsmessig grunna den sterke vedvarande veksten i elevtalsutviklinga i skulekrinsen. Dersom ein bygger ut mindre i denne omgang, vil det om kort tid tvinge seg fram eit behov for meir utbygging. Klattvis, mindre utbyggingar i fleire omgangar medfører større kostnader for kommunen.

Kutt i ombygging av eksisterande bygg kan vere eit mogleg alternativ. Dette inneber at ein ikkje oppgraderer kontorsituasjonen for personalet. Det tyder at ein ikkje bygger om personalfløyen i eksisterande bygg til klasserom. Deler av prosjektert personalareal i nytt bygg må då omprosjekterast til klasserom og grupperom. Prosjektet må i så fall sendast tilbake til arbeidsgruppa for å få gjennomført omprosjekteringa. Det er estimert at å kutte ombygginga vil gje ei innsparing på ca kr 5 mill. Innsparinga er svært beskjeden.

#### **Grasdal:**

Vurderinga omfattar både å kutte ned på utbyggingsarealet og å kutte vekk ombygging av eksisterande bygg.

Grunna den meir usikre elevtalsutviklinga på Grasdal er det mogleg å kutte i utbyggingsareal utan at det vil føre til plassmangel ved skulen. Arealet som då kan kuttast er 200 m<sup>2</sup> med spesialrom. Dette er estimert å gje ei innsparing på ca kr 4,8 mill. Innsparinga er også her svært beskjeden. Det vil vere teknisk mogleg å bygge desse romma seinare ved behov, men kostnaden vil vere høgare.

Kutt i ombygging av eksisterande bygg er lite hensiktsmessig. Bygget manglar gjennomgang og har i tillegg for lite garderobeplass. Ombygging av eksisterande areal er nødvendig for å sikre eit tenleg bygg for framtida.

#### **Oppsummert**

Dersom ein gjennomfører desse kuttane er det estimert at samla prosjektkostnad for Sagstad skule vert 54,1 mill og for Grasdal 32 mill. Tilsaman 86,1 mill. Dette vil gje ein innsparing på vel 10 mill, samanlikna med full utbygging av begge skulane.

Byggetid er venta å vere ca 15 mnd. Grunna anbudsprosessen kan ein tidlegast starte byggeprosessen rundt årsskiftet 2015/-16. Tilbygginga vil kunne vere klare til skulestart hausten 2017. Under byggeprosessen vil midlertidige modular sikre tilstrekkeleg areal for begge skulane.

#### **Punkt 3 i formannskapet sitt vedtak**

Ein grundig økonomisk analyse ligg ved som vedlegg. Analysen syner at uavhengig av utbygginga vil kommunen stå ovanfor ei stor utfordring dei neste åra grunna nedgang i inntektene.

Handlingsrommet vert brukt opp, og kommunen vert såleis lite rusta for å takle nye utgifter dei komande åra.

Analysen syner likevel at utbygginga reint praktisk let seg gjennomføre men med den konsekvens drifta truleg må frysast på 2015 nivå i heile økonomiplanperioden.

I tillegg kjem den uvissa som er knytt til mogeleg endring i reglane for tilskot til private barnehagar, nytt inntekssystem, mogeleg endring i reglane for eigedomskatt og effekt av tilbakeføring av deler av selskapskatten.

#### **Konklusjon**

Skuleutbyggingprosjektet starta som eit tiltak for å møte behovet for nye klasserom i dag. Prosjektet vart opprinneleg både kostnadsrekna og omtalt som eit tiltak for å løyse ein akutt situasjon, men samtidig ivareta eit framtidig arealbehov.

Arbeidet i den felles prosjektgruppa for dei to skulane starta då arkitekt var engasjert. Etter kvart som arbeidet gjekk framover såg ein at utbyggingsbehovet er større for begge skulane enn først tenkt, både i høve til folketalsutviklinga og økonomien i investeringsprosjekta. For folketalsutviklinga sin del, legg kommuneplanen føringar for vekst, som igjen definerer behovet for utbyggingsareal. For økonomien i investeringsprosjekta sin del, vil klattvis og stegvis utbygging føre til auke i kommunen sine samla investeringskostnader.

Forprosjekta syner dermed ei større utbygging med lengre byggetid enn opprinneleg venta, og ein løyser ikkje lenger det akutte behovet for meir areal på begge skulane frå skuleåret 2016/2017. For å imøtekomme arealbehovet frå hausten 2016, må det takast i bruk modulløysingar som kan nyttast i påvente av ferdigstilling av bygga. Dette gjeld både Sagstad og Grasdal skule, uavhengig av om ein byggjer begge skulane samtidig eller reduserer omfanget.

Rådmannen meiner at dei to prosjekta som er utvikla har løyst problemstillingane for begge skulane på ein svært god måte. Elevane får ein god læresituasjon med gode klasserom og dei spesialromma kommunen ønskjer å kunne tilby, lærarane får endeleg gode og ordna arbeidsforhold og innklimaet blir oppgradert for det eldste bygget på Sagstad. Rådmannen finn det vanskeleg å gå inn for ei redusert utbygging, som vil medføre at ein kutter ut spesialromma på Grasdal eller går unngår ombygging av kontorsituasjonen for lærarane på Sagstad. Rådmannen presiserer at desse fasilitetane vanskeleg kan realiserast i ettertid. Etter at desse utbyggingane er gjennomført, er det ikkje aktuelt å tilrå å bygge ut dei eksisterande skulane meir. Behovet for meir areal seinare må løst ved å etablere nye skular.

Dei økonomiske konsekvensane av å investere i begge skulane samtidig er svært store. Renter og avdrag må dekkjast over driftsbudsjettet, som må reduserast tilsvarande på dei tenesteområda kommunestyret då må velje å nedprioritere. For å redusere rente- og avdragsbelastninga, må andre investeringsprosjekt takast ut eller utsetjast.

Utover elevtalsutviklinga dei to første åra og det akutte arealbehovet på begge skulane, veit vi at Sagstad skulekrins vil få den største folkeveksten i komande 10-års periode. Derfor rår rådmannen til at begge skulane får modulbygg i første omgang, parallellt med at anbudsprosessen startar for Sagstad skule. Neste steg bør bli utbygging av Grasdal skule, med ei framdrift som er tilpassa realisering av Nordhordlandspakken – som igjen styrer folketalsutviklinga i krinsen. På denne måten vil kommunestyret ha større kontroll med utviklinga i kommuneøkonomien over tid. Rådmannen si tilråding står ved lag. I denne er det innebygd modulbygg som løyser den akutte situasjonen for begge skulane under byggeperioden, samtidig som det framtidige arealbehovet blir ivaretatt og kommuneøkonomien er under kontroll.

### **Formannskapet - 107/2015**

#### **FS - behandling:**

Økonomisjef Per Inge Olsen orienterte.

Nye opplysningar i saka og vedlegg vart delt ut i møtet.

### **Fellesframlegg i møtet:**

1. Grasdalen og Sagstad skular skal byggjast ut i samsvar med tidlegare vedtatt tidsplan og utarbeidd forprosjekt for dei to skulane.
2. Investeringsramma vert auka med 28 mill.kroner.
3. Andre vedtekne investeringar i økonomiplanperioden minus investeringar til sjølvkost, blir utsett fram til budsjett for 2016 er vedteke.

### **Avrøysting:**

**Fellesframlegget i møtet vart samrøystes vedteke.**

### **FS – framlegg til vedtak:**

1. Grasdalen og Sagstad skular skal byggjast ut i samsvar med tidlegare vedtatt tidsplan og utarbeidd forprosjekt for dei to skulane.
2. Investeringsramma vert auka med 28 mill.kroner.
3. Andre vedtekne investeringar i økonomiplanperioden minus investeringar til sjølvkost, blir utsett fram til budsjett for 2016 er vedteke.

### **Kommunestyret - 71/2015**

#### **KS - behandling:**

#### **KS – samrøystes vedtak:**

1. Grasdalen og Sagstad skular skal byggjast ut i samsvar med tidlegare vedtatt tidsplan og utarbeidd forprosjekt for dei to skulane.
2. Investeringsramma vert auka med 28 mill.kroner.
3. Andre vedtekne investeringar i økonomiplanperioden minus investeringar til sjølvkost, blir utsett fram til budsjett for 2016 er vedteke

## Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Kari Anne Iversen	FE - 270	14/4466

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
86/2015	Formannskapet	PS	24.06.2015
72/2015	Kommunestyret	PS	09.09.2015

### Erstatningskrav

#### Vedlegg:

Vurdering erstatningskrav  
Krav om dekning av utgifter

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

##### Saksutgreiing

Kommunen mottok per 29.01.15 skriv frå advokatfirmaet Steenstrup Stordrange DA, /advokat Magne Revheim, som på vegner av Jarle Vikebø sette fram krav om dekning av utgifter på i alt kr 227 772,-. Bakgrunn for kravet er saka om oppføring av garasje med garasjeport under veranda på Jarle og Kari Vikebø sin eigedom gnr 45, bnr 125 i Meland kommune. Det vert vist til behandling i Askøy kommune og Fylkesmannen i Hordaland, der saksbehandlingsfeil frå Meland kommune sin side er fastslått. Advokat Revheim legg til grunn at kommunen erkjenner ansvar for desse saksbehandlingsfeila og dekkjer dei økonomiske tapa som har bakgrunn i desse. Det vert i skrivet også peikt på saka har vore ei stor belastning for Jarle Vikebø og hans familie.

Av den totale kravssummen på kr 227 772,- utgjer utgifter til advokatbistand kr 177 772,-. I tillegg vert det kravd kr 50 000,- for ulemper som er påført og dekning av andre uspesifiserte utgifter.

Administrasjonen v/rådmannen har bedt om få dei erstatningsrettslege sidene ved saka vurdert hos Advokatfirmaet Harris v/advokat Stig J. Harris, og det ligg her føre ei skriftlig utgreiing, dat. 29.05.15. Administrasjonen legg elles til grunn at bakgrunnen for overføring av saka til Askøy kommune er kjent for formannskapet, jf. kommunestyrevedtak 27.10.10, sak 81/10.

Adv. Harris peiker i utgreiinga si på at kommunen kan komme i rettsleg erstatningsansvar dersom saksbehandling og lovforståing har vore uforsvarleg. Han konkluderer med at han ikkje kan sjå at dette er tilfelle i den aktuelle saka, og vil difor rå til at kommunen avviser erstatningskravet. Som bakgrunn for dette viser han til klagebehandlinga hos Fylkesmannen, der problemstillinga kring plassering av huset og avstandskrava etter plan- og bygningslova står sentralt. Då saka etter naboklage kom opp i 2006, var kommunen v/dåverande kommunalsjef for tekniske tenester tydeleg



på at tiltaka var søknadspliktige, men at det vart sett på unødvendig å krevje søknad på dette tidspunktet, - ettersom det hadde gått svært lang tid sidan oppføringa. Kommunen var på dette tidspunktet (2006) ikkje klar over at avstandskravet mot naboeigedom ikkje var overhalde, og dette var difor ikkje tema då det vart konkludert med at søknad ikkje var nødvendig. Det er tiltakshavar sitt ansvar å sjå til at plassering av huset m/avstandskrav er i samsvar med regelverket. Byggjekontrollør sin kontroll av bygget endrar ikkje på dette og fører ikkje med seg at kommunen overtar ansvar for korrekt plassering. Tiltakshavar si opplysningsplikt går her framfor kommunen si undersøkingsplikt. Utgifter til klagesaken hos Fylkesmannen kan såleis ikkje vere kommunen sitt ansvar.

Adv. Harris meiner elles at kravet ikkje er godt nok dokumentert, og at det også er uklart *når* utgiftene er pådradd. Dette gjeld omfanget av advokatutgiftene, men også det meir udefinerte kravet på kr 50 000,-.

### **Vurdering**

Det er slått fast gjennom behandlinga i Askøy kommune og i klagesaka hos Fylkesmannen at Meland kommune har gått ut over sin materielle kompetanse; dette ved at kommunen ikkje såg det nødvendig at Jarle Vikebø i 2006 skulle søkje om byggjeløyve for den allereie oppførte garasjen med garasjeport under veranda, eit tiltak som i utgangspunktet var søknadspliktig. Avgjerande for mogleg erstatningsansvar for kommunen er om dette er ein sakbehandlingsfeil eller ei lovforståing som har vore uforvarleg og som har påført Jarle Vikebø tap. Administrasjonen vil her peike på at Jarle Vikebø sitt krav i det vesentlege er knytt til utgiftene som er påløpt ved engasjering av advokat.

Det bør også vere med i vurderinga at Jarle Vikebø våren 2012 fekk munnleg råd frå rådmannen om å søkje om etterfølgjande godkjenning av tiltaka. Det vart frå hans side då først tatt initiativ til dette, men konkret byggjesøknad vart ikkje sendt inn.

### Folkehelse

Ikkje relevant i saka.

### Miljø

Ikkje relevant i saka

### Økonomi

Det er er gjort greie for dei økonomiske sidene ved saka i sjølve saksutgreiinga.

### **Konklusjon**

Med bakgrunn i ei totalvurdering i saka og i særleg grad adv. Harris si utgreiing med konklusjon, vil administrasjonen rå til at erstatningskravet, slik dette ligg føre, vert avvist og at kommunen ikkje erkjenner erstatningsansvar i saka.

Administrasjonen ser samstundes at saka har vore svært spesiell. Kommunen sitt standpunkt i 2006 kan ha gitt grunnlag for å gå vidare med saka frå Jarle Vikebø si side, og administrasjonen har forståing for at saka har vore opplevd som ei belastning for Jarle Vikebø m/familie. Ei mogleg løysing kan difor vere at kommunen ber adv. Harris om å ta kontakt med Jarle Vikebø v/adv. Revheim, med tanke på å finne fram til ei minneleg økonomisk ordning, utan at dette inneber at kommunen erkjenner eit rettsleg erstatningsansvar og utan at kommunen vil kjenne seg bunden i moglege tilsvarande saker i framtida.

Dersom det lar seg gjere å komme fram til ei minneleg økonomisk ordning, vil ei ev. løyvingssak måtte leggjast fram for politisk mynde til avgjerd (formannskap eller kommunestyre, avhengig av beløp.)

**Framlegg til vedtak:**

«Formannskapet aviser erstatningskravet, slik dette ligg føre i saka. Formannskapet ber administrasjonen, med bistand frå kommunen sin advokat, om å søkje å komme fram til ei minneleg økonomisk ordning. Ei eventuell løyvingssak må leggjast fram for politisk mynde til avgjerd.»

**Formannskapet - 86/2015**

**FS - behandling:**

**Fellesframlegg til vedtak:**

«Kommunestyret aksepterer erstatningskravet i henhold til oppstilling av kostnader som er beskrevet i brev fra advokatfirmaet Steenstrup Stordrange DA datert 29. januar 2015.

Dette inkluderer uspesifiserte kostnader på kr 50 000,-.

Kommunestyret ber administrasjonen avslutte saken så snart som mulig.»

**Avrøysting:**

**Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.**

**FS – framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret aksepterer erstatningskravet i henhold til oppstilling av kostnader som er beskrevet i brev fra advokatfirmaet Steenstrup Stordrange DA datert 29. januar 2015.

Dette inkluderer uspesifiserte kostnader på kr 50 000,-.

Kommunestyret ber administrasjonen avslutte saken så snart som mulig.»

**Kommunestyret - 72/2015**

**KS - behandling:**

**Åshild Aamli fremja administrasjon sitt framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret aviser erstatningskravet, slik dette ligg føre i saka. Kommunestyret ber administrasjonen, med bistand frå kommunen sin advokat, om å søkje å komme fram til ei minneleg økonomisk ordning. Ei eventuell løyvingssak må leggjast fram for politisk mynde til avgjerd.»

**Avrøysting:**

**Framlegg til vedtak frå Åshild Aamli fekk 4 røyster for, (2 SAM, 1 MDG, 1 Uavh), 22 røyster mot, og fall.**

**Framlegget frå formannskapet fekk 22 røyster for, (6 H, 5 AP, 4 SP, 3 KrF, 2 FrP, 2 V), 4 røyster mot, og er såleis vedteke.**

**KS - vedtak:**

«Kommunestyret aksepterer erstatningskravet i henhold til oppstilling av kostnader som er beskrevet i brev fra advokatfirmaet Steenstrup Stordrange DA datert 29. januar 2015.

Dette inkluderer uspesifiserte kostnader på kr 50 000,-.

Kommunestyret ber administrasjonen avslutte saken så snart som mulig.»

**Etter at møteboka er godkjent, vil saka verta avgradert.**

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Nils Marton Aadland	FE - 410	15/2362

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
73/2015	Kommunestyret	PS	09.09.2015

## Interpellasjon - Nei til auka bruk av midlertidige tilsette

### Vedlegg:

Interpellasjon - Nei til auka bruk av midlertidige tilsette  
Interpellasjon til kommunestyremøtet 9. september 2015

### Kommunestyret - 73/2015

#### KS - behandling:

Det ligg føre interpellasjon frå Øyvind Oddekav, Meland AP, som ordførar vil svara i slutten av møtet.

#### NEI til auka bruk av midlertidige tilsette

1. juli 2015 vart fleire endringar i arbeidsmiljølova (AML) iverksett. Til tross for at ei samla fagrørsle har vore mot endringane valde likevel den blå-blå regjeringa å presse gjennom til dels dramatiske endringar. Verken LO, YS eller Unio var inkluderte i prosessen, noko som må karakteriserast som historisk uvanleg og kunnskapslaust frå regjeringa.

Dei viktigaste endringane er: fleire midlertidige tilsette, billigare å bruke vikarar enn å ha faste tilsette, dårlegare arbeidstider og fjerning av tiltak mot sosial dumping. Endringane i AML er først og fremst ei samling tiltak som har flytta makt frå arbeidstakarar til arbeidsgivar og som vil gi den useriøse delen av arbeidslivet større boltreplass. AML er ei vernelov og har sidan den blei innført medført stadig betre arbeidsvilkår for arbeidstakarane. Med dei nye endringane er det vedtatt reelle innskjerpingar i arbeidstakarane sine rettar. Dette er nye tonar og, sjølv om det er oppsiktsvekkande, gjerne noko vi må forvente frå den blå-blå regjeringa.

Når det gjeld endringane i § 14-9 om midlertidige tilsetjingar blir det no opna for at inntil 15 % av arbeidsstokken kan vere midlertidig tilsett utan særskilt grunngjeving. Dette er å angripe fundamentet i eit organisert arbeidsliv, som er grunnlaget for tryggleik og verdigheit for arbeidsfolk. Konsekvensen blir at nyttilsette kan få svekka rettar og mindre mulegheiter til å stille krav om eit godt arbeidsmiljø. **Meland AP ønskje ikkje eit A- og eit B-lag i norsk arbeidsliv.** Som midlertidig tilsett blir det

vanskelegare å planlegge for framtida, sidan det er arbeidsgjevar som avgjer lengda på arbeidsavtalen. Dette kan gjere det vanskelegare å få boliglån i banken og Arbeidstilsynet påpeika i ein uttale at (det som då var) framlegg til avtale i ytterste konsekvens kan føre til meir sjukdom, stress og ulukker.

Meland AP ønskjer ikkje at Meland kommune skal bli ein arbeidsgjevar som opnar for større bruk av midlertidig tilsette. Dersom vi ser til utviklinga i Sverige så har meir liberale reglar ført til dobbelt så mange midlertidige tilsette og ein ungdomsledigheit som er svært høg.

Framlegg til vedtak:

*Meland kommune skal framleis vere ein ansvarleg og seriøs arbeidsgjevar, der trygg eldreomsorg, gode skolar og elles gode kommunale tenester for innbyggjarane har hovudprioritet. Til dette treng vi tilsette som opplever tryggleik og stabilitet, noko ein ikkje oppnår gjennom auka bruk av midlertidige tilsette.*

*På denne bakgrunnen vil ikkje Meland kommune bruke mulegheita til auka bruk av midlertidig tilsette (jf. § 14-9 f), men halde fram med praksis slik den var før endringa i arbeidsmiljølova 1. juli 2015.*

Frekhaug, 28.8.2015

Øyvind H Oddekalv  
representant, Meland AP

#### **SVAR PÅ INTERPELLASJON FRÅ REPRESENTANTEN ØYVIND ODDEKALV (AP)**

Målet med endringane i lovverket er gjort for å opna arbeidslivet for fleire personar – ikkje færre. Det meiner eg er eit framsteg, ikkje minst for arbeidssøkjande ungdom.

Det blir også bekrefta i ei undersøking som er gjort av NHO, der nær 60 prosent av bedriftene svarte at dei vil tilsette fleire dersom lova opnafor enklare adgang til midlertidig tilsetting.

Det er nok spesielt mindre bedrifter og gründerverksemder som vil ha glede av dei nye reglane.

Midlertidig tilsetting kan også vere eit viktig springbrett inn i arbeidslivet for unge og andre grupper som står utanfor. For å hindre misbruk av de nye reglane er det innført ein karanteneperiode for tilsetting av nye midlertidige, og ei avgrensing på kor stor del midlertidig tilsette ei bedrift kan ha.

Eg har observert at ikkje minst personar som arbeider for å få ungdom inn i arbeidslivet – mellom anna Eddie Eidsvåg, som driv «Pøbelprosjektet», kan opplyse at stadig fleire ungdomar no får fast jobb etter å ha vore midlertidig tilsett. Det er positivt.

Så vil eg slå fast og presisere følgjande: Meland skal vere ein god og ansvarleg arbeidsgivar. Det inneber mellom anna vi følgjer det lovverket vi har.

Vi kan ikkje koma i ein situasjon der kvar gang vi måtte vere ueinig i lovverket vel å halda oss til ei tidlegare lov eller noko anna vi måtte lika betre. Det er mitt utgangspunkt – også i denne saka. Difor vil eg ikkje støtta framlegget til vedtak som ligg i bordet.

Frekhaug 09.09.2015  
Nils Marton Aadland  
Ordførar

**Oversendingframlegg:**

«Saka vert oversendt Administrasjonsutvalet for uttale og vidaresendt kommunestyret for handsaming 14. oktober.»

**KS - vedtak:**

«Saka vert oversendt Administrasjonsutvalet for uttale og vidaresendt kommunestyret for handsaming 14. oktober.»